

### Såg ljuset: Samkøyring av planar og budsjettarbeid

24. september var folk frå særlagsstyra og lagsstyret samla for å drøfte korleis vi kan få betre flyt og samarbeid om årsplanar og budsjettarbeid i laget. Det var eit møte som opna for nye vyar og moglegheiter for framtida, med gode innspel om økonomi og utvikling.

Føremålet med møtet var dette:

- 1) Samkøyre planlegginga i laget, øva opp langsiktig tenkjemåte
- 2) Utvikle større kjensle for heilskapen
- 3) Lære meir om budsjettarbeid
- 4) Sjå samanhengen med arbeidsprogrammet for heile laget.

Særлага fekk presentere planane dei no går med for 2009, og seie litt om økonomien sin og kva dei måtte ha av vanskar t.d. av praktisk art med rekneskap osv.

Lagsstyret drog opp hovudtrekka i totalbudsjettet for neste år, der det gjekk fram kor mykje vi har å rutte med når alle faste kostnader (ca. 2,1 mill.) er trekte frå. Med det uttaket frå BHAS som vi har praktisert til nå, har vi 900 000 kroner til rådvelde.

Eit problem for oss er at vi ikkje har nokon praksis i laget med *langtidsplanar og langtidsbudsjett*. Det gjeld også for særлага. Alle har halde seg til sitt eige område og det næraste året. Difor var det svært nyttig å sitja saman og høyra kva dei andre dreiv med og korleis dei tenkte, og verte minna om at også *arbeidsprogrammet for laget*, som vi har vore med på å vedta alle saman, også har ein plass i det særлага tenkjer på.

Vi må dessutan samkøyre

planarbeidet vårt med BHAS, som startar sitt budsjettarbeid 1. september. Det vil seie at vi må leggja opp til mykje meir langsiktige planar, slik at dei har noko å halde seg til i høve til kva laget treng.

På neste møte 5. november, der alle særлага må møte, skal vi sy saman alle budsjetta og setja opp kalenderen for 2009. To slike plan- og budsjettmøte på hausten er eit første steg i retning av eit system med forbetra årsrutinar som lagsstyret vil ha etablert. Laga vart også bedd om å ha med seg to-tre liner om planar for dei næraste par åra etter 2009.

Det kom eit viktig innspel om praksisen vi har med uttaket frå BHAS. Vi tek no ikkje ut alt det vi har rett på etter avtala med dei, slik at det resterande vert ført som ei aukande gjeld forretningane har til laget.

Situasjonen for BHAS er ikkje lenger slik at dette er naudsynt. Derimot kan det vere lurt av laget dels å setje desse pengane inn på eigen konto som vi disponerer sjølve, og dels å styrkje lagsdrifta sentralt ved å tilføre meir midlar. Lagsstyret er i dialog med forretningsstyret om dette.

I god tid før neste møte må alle særlagsstyra produsere og sende ut budsjettunderlag, dvs.:

[Leiarsteigen]

### ”- Always look on the bright side of life ...”

*Dagen nærmar seg da den første handverkaren set i gong i foajeen til Teatersalen. Arbeidet skal vere ferdig til årsmøtet.*

*Ezinne gjekk til mellomheatet i OL, og Jays til semifinalen.*

*Leikarringen får om kort tid valt nytt styre og kjem på skjener att.*

*Lagsstyret er i ferd med å få på plass ei avtale om auka uttak frå BHAS frå 2009.*

*Vi vonar å få trekt heile laget med i ei forbetra årsplanlegging, og vil kunne styrkje støttefunksjonane til særлага for å lette dette.*

*Vi reknar med å få på plass ei monaleg styrking av sentrallekken med ei ny stilling som særleg vil auke utgreiings- og sakshandsamingskapasiteten, og bidra til nye initiativ i kulturarbeidet vårt.*

*Ikkje regnar det heile året heller. Fargesprakande haustdagar kjem på rad, og alt er mogleg.*

Wenche

- o – Planar/prosjekt i 2009
- o - Hovudpostar i sine budsjett for 2009
- o - Kalender for 2009
- o - Nokre ord om planar 2010-2012 (gjerne med eit blick på arbeidsprogrammet til laget).



## Bjeff:

### Bruk nynorsk!

Bondeungdomslaget i Oslo ønskjer å ta vare på den nynorske delen av kulturarven, og vil arbeide for å gje rom til nynorsken i Oslo og gjere det lettare å vere nynorskbrukar i hovudstaden.

Det er viktig at laget sjølv nyttar nynorsk for at språket skal verte synleg for medlemmene og andre som møter laget, og fordi at det skal verte tydeleg kva laget står for. Bruk difor nynorsk når de skal publisere heimesider, program og andre publikasjonar.

Dei som ønskjer det, kan få hjelp av målnemnda når tekster skal utarbeidast. Ta kontakt med leiaren i nemnda om det trengst hjelp, e-post: *olav-johan.oye@gmail.no*

#### Nynorsk leksehjelp

Er du elev i den vidaregåande skulen? Med nynorsk leksehjelp har du ein stad å gå med dei spørsmåla du har. Du kan også få hjelp via e-post.

Vi startar opp *måndag 20. oktober, kl. 18-20* i lokala til Bygdelagssamskipnaden i Oslo i Nordahl Bruns gate 22 i Oslo.

Med godt frammøte 20.10., følgjer vi opp med fleire samlingar: *måndag 27.10, kl. 18-20, måndag 3.11., kl. 18-20, og måndag 10.11., kl. 18-20.*

#### Målnemnda

## Med SFO-prosjektet går det så det susar!

Vi hadde "kick-off" torsdag 25. september og det var stor suksess og mykje trøkk! I år har vi enda fleire danseuttrykk som barna skal bli kjende med. Fleire skular er interesserte i tilbodet, men vi blir på Møllergata SFO iallfall eit semester til. Det er viktig for prosjektgruppa å verta trygge på modellen og få et kvalitetsikkert opplegg.

Barna er inndelte i tre grupper, og alle får prøve alt, både dans og teater. Instruktørane kjem til Møllergata skule ein time i veka, og tilbodet er gratis slik at det er mogleg for alle barn å vere med! Dette er ein del av "Den mangfaldige scenen" og ei av gruppene vi er i ferd med å etablere for barn frå heile verda.

Vi har også to nye instruktørar på laget. Dei er begge profesjonelle innafor sitt felt. Jan Fredrik Henriksen er nyutdanna på NISS og jobbar frilans med teaterinstruksjon og regi, mens Adjei Apen-teng frå Ghana har vore danser og pedagog i 20 år.

## Omframtr årsmøte i Leikarringen

Medlemene i Leikarringen kallast inn til omframtr årsmøte

**tysdag 28. oktober kl. 19-20,30**

i Halli, Nordahl Bruns gt. 22.

Sakliste:

1. Konstituering
2. Orientering frå lagsstyret og leiknemnda
3. Lovbrigde
4. Val

*Lagsstyret*

## Omframtr årsmøte i BLS, og lagsmøte i BUL

Fylkeslaget har kalla inn til omframtr årsmøte torsdag 6. november. Det skal m.a. veljast ny eigedomsnemnd etter omrokeringar.

På grunn av fråfall blant nokre av dei utsendingane som vart valde i vår, kallar lagsstyret i BUL inn til

### lagsmøte onsdag 22. oktober kl. 18 i Tingstova

for å orientere om stoda og velje nye utsendingar. Vi nyttar høvet til å prate om andre aktuelle saker også.

Sakliste:

1. Konstituering
2. Val av BLS-utsendingar
3. Ymse om stoda og framtida

*Lagsstyret*

Han har bakgrunn fra The Odehe Dance Company i Teshie.

Ved opninga hadde instruktørane koreografert eit spanande show der Benjamin Kehlet spela. Adjei Apen-teng spela på afrikanske trommer, og taket løfta seg når han lærte barna å riste på rumpa til ville trommerytmer! A-klassedansar Torkjell Børsheim sparka hatten til stor begeistring frå ungene. Corinne Campos imponerte med spansk flamenco der føtene gjekk som trommestikker, Vilde Sævik og Trine M. Sjølyst dansa ein morosam ril med kone-røving, og Jan Fredrik Henriksen og Andre Vifladt imponerte med teater og improvisasjon ut frå idear som ungene kom med.

Dette er noko av det dei skal lære i haust. Dei gler seg alt til å syne fram dansane og teaterleiken i Teatersalen 4. desember kl. 17.00. Velkomen alle!

Trine

# IL i OL, og stafettsiger i Bislett Special Olympics

Ezinne Okparaebo fekk ein glimrande OL-debut i Beijing med ny norsk rekord på 100 m og avansement til mellomheatet. Ezinne slo Ingvild Larsens gamle rekord frå 1995 med knapt ein tidel i forsøksheatet. Den nye norske rekorden lyder no på 11,32 sek. Ezinne fekk tida 11.45 i mellomheatet, og fekk vist at ho no er ein del av verdseliten i sprint også for senior.

Vår andre deltakar, Jaysuma Ndure, kom ikkje så langt som ein håpa på 100 m. Jays har vore skada store delar av sesongen, og nådde berre til mellomheatet. Jays fekk vist at han var i kjempeform, og han gjekk også vidare til semifinalen trass i skaden. Men han måtte dessverre trekkje seg. Veldig synd, for Ndure hadde hatt gode sjansar i finalen med skadefrie bein. Vi håpar at han satsar vidare og klarer å sjå fram mot OL i 2012.

## Anna IL-nytt:

Anniken Henriksen og Ola Eloranta (begge svært lovande mellomdistanseløparar) er plukka ut til å representere Oslo Friidrettskrets i New York under Norwegian festival i Central Park 1.-8.oktober.

---

## Spellaget lagar barneteater med Kate Pendry

Spellaget har nok ein gong alliert seg med skodespelar, regissør og performanceartist Kate Pendry. Førre gong vi samarbeidde med denne dama arbeidde vi fram den stemningsfulle framsyninga ”*Ti historier frå eit hundreår*” i 2005.

Denne gongen skal ho hjelpe oss med to oppsetjingar. Til jul skal vi setje opp familiefamsyninga ”*Ei joleframsyning som ikkje har noko med jol å gjere*”. Her tek vi føre oss ulike barneforteljingar, eventyr og mytar som vi set saman til ei spanande framsyning. Premieren blir søndag 7. desember, da spelar vi tre gonger. Så blir det ei framsyning måndag 8. desember.

Etter jul skal vi konsentrere oss om ein av dei store klassikarane. Etter planen skal vi ha premiere i mars. Vi håpar at ho blir teken inn i programmet til amatørteaterfestivalen i mai. Temaet for festivalen og stykket er fattigdom i ulike former.

Håvard Thorsby

## Årets Bislett Special Olympics

blei en stor suksess med godver og mange deltakarar heile helga 22.-24. august. Ordførar Fabian Stang opna stemnet, og takka vere ein stor jobb av Civitan og Olav Aaboen gjekk det veldig bra.

Størst for deltakarane frå BUL var nok sigeren i stafetten søndag kor Thor Nilsen, Harald Eika, Anders Moholt og Farrukh Saeed deltok. Vi gratulerer så mykje!

---

## Songlaget i farta

### Julekonsert:

Songlaget inviterer til julekonsert søndag 7. desember i Gamle Aker kyrkje, kl 17.00 og 19.00. Inngang 150 kr. Born under 12 år gratis. Høyr vakker julemusikk og kom i julestemning.

### Årets julegåve:

Songlaget spelte inn CD i Helgerud kyrkje våren 2008. På CD-en *Solbøn* har Songlaget og dirigent Brit Karin Wetteland sett saman vakre religiøse folketonar og enkle båndullar frå ulike stader i landet vårt. Fleire av Songlagets medlemmer har solistinnslag. CD-en kan kjøpast på lagskontoret, i Heimen Husflid og i Husfliden, på julemarknaden vår og på julekonsertane i Gamle Aker kyrkje. Pris 150.

### Julemarknad lørdag 29.november

Det vert julemarknad i Teatersalen i Rosenkrantz gate 8 laurdag 29. november. Songlaget sin julemarknad vart stor suksess i fjor. Det var mykje folk og stor stemning heile dagen. Pass på å få med deg denne flotte innleinga til førjulstida!

---


## LR: kreativt opplegg i haust

Opplegget i Leikarringen følgjer to spor i haust, først med ei vanleg fellesøving kl. 19-20, ope for alle. Deretter kjem ”Tysdagsprosjektet”, eit danseutviklingsprogram for røynde BUL-dansarar, og fram-møtet i Halli har vore dobbelt så stort som venta.

Dansarane delast i to grupper og begge dansar fridans halve økta. Olav Christer Rossabø og Erlend Viken spelar!!

Gjennom studiar av filmopptak og fokus på eigen dansestil, har Vegar Vårdal inspirert nye og gamle utøvarar. Sigurd Heide, Silje Onstad Hålien og Ulf Arne Johanessen vil overta stafettpinnen, og målet er at alle dansarar får nye aha-opplevingar og blir enda betre dansarar til jul!

TIL



Attende til:

BUL, Rosenkrantz gt. 8, 0159 Oslo

## Lagskontoret

Kontortid kvardagar kl. 9–16  
Sentralbord tlf. 23 21 41 60 lagskontor@bul.no

Kari Bøyum, dagleg leiar, tlf. 23 21 41 63  
kari.boyum@bul.no

Oddfrid Bjørndal, kontormedarbeidar, tlf. 23 21 41 62  
oddfriid@bul.no

Hege F. Pedersen, dagleg leiar Idrottslaget, 23 21 41 68  
idrottslaget@bul.no. Permisjon frå 15.10.

Olav Aaboen, arrangement Idrottslaget, tlf. 23 21 41 69

## Tillitsvalde

Lagsleiar: Wenche Blomberg, tlf. 22 37 38 10  
wenche.blomberg@jus.uio.no

Nestleiar: Sveinung Helgheim, tlf. 21 99 49 26/  
936 52 209 shelgh@online.no

Styremedlemer:

Vigdis Rønning (permisjon)

Trond Reitan

Karianne Johansen

Arne Nordvi (rykka opp)

Varamedlemer:

Synnøve Myking og Vivian Sørensen

Ansvarleg redaktør for BUL-stikka: Wenche Blomberg

## Særlagskontakter

Barnelaget:

Trine Sjølyst 958 59 834

Idrottslaget:

Rune Stenersen 932 28 853

Leiknemnda:

Anne Cathrine Johansen 975 33 677

Songlaget:

Kari Rysst-Paulsen 900 83 832

Spellaget:

Henning Værnes 957 22 989

Den mangfaldige scenen (BU-teatret): Lagskontoret

ooo

Fotokonkurransen vi lyste ut på nettsida i sommar ga NULL bilete. Redaksjonen putlar ut i bua og finn ein premie til seg sjølv i staden. Helst noko eteleg.

## Kalenderen

Oktober

21. Lagsstyremøte

22. Lagsmøte

28. Omfr. årsmøte Leikarringen, Halli, NB 22

29. Rådsmøte

November

4. Dansekveld, svenskedans med LR i Halli

5. Budsjettmøte med særlaga

6. Omfram årsmøte i BLS

15. LAURDAGSFEST PÅ LOKALET, Teatersalen

18. Lagsstyremøte

26. Rådsmøte, førebels budsjett 2009

29. Julemarknad i Teatersalen, Songlaget

Desember

4. SFO-framsyning kl. 17, Teatersalen

5. Frist for nominering til "Årets"-prisar!

7. Songlagets julekonsert, Gamle Aker kyrkje

10. Spellagspremiere

17. Grautkveld med Årets-prisar

**NB: Saker til lagsstyret må inn ei veke i førevegen!**

## Festen du ikkje gløymer ... Billettsalet startar 1. november!

Hugs at det berre er førehandssal av billetter til festen 15.11. - LAURDAGSFEST PÅ LOKALET, MED DENG OG DANS!

BUL slår til og byr inn folk via alle lag i heile Sør-Noreg, med tilbod om rimeleg hotellovernatting attpå. Så det kan løne seg å vere godt framme i køen når billettsalet opnar 1. november i hotellresepsjonen. For berre 200 kroner får du ei salig røre, slagsmål, god mat og musikk som verkeleg svingar! Det vert arbeid med andre innslag også ...